



Statens vegvesen

Meland kommune
Postboks 79
5906 FREKHAUG

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Marianne Skulstad / 55516253

Vår referanse:
16/70927-8

Dykkar referanse:
16/2552

Vår dato:
25.11.2016

Uttale til søknad om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel for frådelling av parsell på lo – gnr. 49 bnr. 12 – Meland kommune

Vi viser til søknad om dispensasjon frå kommuneplanens arealdel, sendt til uttale i brev datert 03.11.2016. Søknaden gjeld frådelling av parsell frå eigedom gnr. 49 bnr. 12 på lo i Meland kommune.

Vårt ansvar

Det er eit krav i plan- og bygningslova § 27-4 at avkøyrslø frå offentleg veg må vere godkjent av vedkomande vegstyresmakt før frådelling av eigedom til byggjeføremål. I denne saka er Statens vegvesen vegstyresmakt på vegne av Hordaland fylkeskommune.

Statens vegvesen har rett til å uttale seg i dispensasjonssaker som vedkjem vårt saksområde. Vi har også klagerett i slike saker.

Om søknaden

Eigedom gnr. 49 bnr. 12 er ein landbrukseigedom, der delar av eigedomen er avsett til bustad i kommuneplanens arealdel. Den omsøkte parsellen er det opphavelege våningshuset på bruket, og ligg i område avsett til landbruks-, natur og friluftsføremål (LNF).

Ifølge opplysningar i søknad frå grunneigar, vart ein annan bygning bygd om til bustadhus i 2008. Denne bygningen fungerer i dag som våningshus, medan dottera til grunneigar bur i det opphavelege våningshuset, som no er søkt frådelt. Det er såleis to bustadhus på bruket i dag.

Avkøyrslø – manglande vedtak

I denne saka kommer det fram at det er etablert ei ny bueining på bruket i 2008. Statens vegvesen kan ikkje sjå at vi har fått denne saka til uttale, eller fått førespurnad om utvida bruk av avkøyrslø til eigedomen. Etter vårt syn må avkøyrslø til bueining nr. 2 på bruket vere godkjent før ein kan dele frå parsellen som omsøkt, jf. veglova § 40 2. ledd.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø

Statens vegvesen er kjent med at avkøyrsla frå fv. 248 levegen er dårleg. Vi har ikkje vore på synfaring i samband med denne dispensasjonssaka, og kan ikkje ta endeleg stilling til om det lar seg gjere å utbetre avkøyrsla til dagens standard. Vi vil foreta synfaring ved handsaming av ein avkjørslesøknad.

Vidare saksgang

Gjennom sakdokumenta i frådelingssaka er Statens vegvesen altså gjort kjend med at det er etablert ei ny bueining på gnr. 49 bnr. 12. Med det som utgangspunkt finn vi det nødvendig å vurdere om vi kan gi løyve til utvida bruk av avkøyrsløve for denne eigedomen. Vi oppfordrar difor grunneigar til å framsette søknad, og sende relevante saksopplysningar til Statens vegvesen. Viss dette ikkje er motteke innan 15.januar 2017, vil vi starte sakshandsaming på grunnlag av dei opplysningane som ligg føre.

Etter vårt syn kan ikkje deling gjennomførast før avkjørsleløyve til den nye bustaden frå 2008 er gitt jf. pbl § 27-4.

Vår innstilling

Statens vegvesen er negativ til omsøkte dispensasjon frå kommuneplanen, inntil avkøyrsløve er gitt. Det kan ikkje påreknast at Statens vegvesen vil gi løyve til utvida bruk av eksisterande avkøyrsløve.

Vegavdeling Hordaland

Med helsing

Kari Elster Moen
overingeniør

Marianne Skulstad
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Likelydande brev sendt til
Bjørn Ove Iden, Levegen 129B, 5917 ROSSLAND
Meland kommune, Postboks 79, 5906 FREKHAUG

Kopi

Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 BERGEN
Hordaland fylkeskommune – Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 BERGEN